

**Fra:** Toralf Otnes (toot@nve.no)

**Sendt:** 18.12.2019 14:41:55

**Til:** Post

**Kopi:**

**Emne:** NVE sitt innspel - Varsel om planoppstart og høyring av planprogram - Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 - 2027 - Kvinnherad kommune

**Vedlegg:**

Syner til brev datert 05.11.2019.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

**Toralf Otnes**

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: [toot@nve.no](mailto:toot@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)



NVE handsamar dine personopplysningar i samsvar med personvernregelverket. Sjå korleis [her](#).



## Statens vegvesen

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Behandlende enhet:

Saksbehandler/telefon:  
Bjørn Skorpa Eikeland /  
56520282

Vår referanse:  
16/154757-19

Deres referanse:

Vår dato:  
17.12.2019

---

### Statens vegvesen sin uttale til høring av planprogram – Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 – 2027 – Kvinnherad kommune

Me viser til høring av planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp mottatt 06.11.19.

Statens vegvesen har ingen merknader til planprogrammet.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med hilsen

Carl-Erik Nielsen  
Seksjonssjef

Bjørn Skorpa Eikeland  
Avdelingsingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Stord, 16.12.2019

V/Hildegunn Furdal

**Innspel frå Mattilsynet avdeling Sunnhordland og Haugalandet,  
til kommunedelplan Vassforsyning og avløp 2020-2028, Kvinnherad kommune,  
vårt saksnummer 2019/246803.**

Mattilsynet vil gjerne koma med nokre innspel i samband med oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2027.

Me vil konsentrera oss om punkta reservevassforsyning/leveringstryggleik og vasslevering til område av kommunen som framleis ikkje har tilgong på kommunalt drikkevatt.

#### **Reservevassforsyning og leveringstryggleik**

Det vil i tida framover framleis vera fokus på reservevassforsyning frå Mattilsynet si side, og me oppmoder dykk til å ta naudsynte hensyn til dette i planen.

Nasjonale mål for vann og helse:

Kommunen bør setta eigne mål for lekkasjeprosent som minst samsvarer med nasjonale mål og ha metodar for å rekne ut og dokumentera lekkasjegraden.

#### **Forsyning i heile kommunen**

Hausten 2019 har de sendt Mattilsynet melding om at det vil bli bygd ut kommunal vassforsyning til større delar av Halsnøy, mellom anna Fatland, Arnavik og Kjeka, og lagt sjøleidning vidare til Fjelbergøy og Borgundøy.

Dette er tiltak som vil minska talet på små private vassverk og auka leveringstryggleiken til desse delane av kommunen.

Me kan ikkje sjå at bygda Sundal/Mauranger er nemnt nokon stad i planane og me vil oppfordra til at de tar dette med.

Mattilsynet har, særleg i 2019, jobba med trygg vassforsyning i bygda. Det er fleire serveringsstader, saman med skule og barnehage, som er avhengig av trygt drikkevatt. Førebels løysing har blitt at alle desse verksemdene er blitt pålagt av oss å syta for trygt drikkevatt. Dette er gjort ved å montera utstyr for desinfeksjon i den einskilde verksemda. Desse verksemdene, som ikkje er tilknytta eit felles, registrert, vassforsyningssystem, vil ikkje kunne ha kontroll over råvasskjeda, ein veit berre at vatnet kjem frå Bondhuselva.

For oss i Mattilsynet har det ikkje vore muleg å få greie på kven som er ansvarleg for inntaket, som Statkraft i si tid etablerte.

Området som grensar til elva blir brukt som beiteland for både storfe og småfe, i tillegg er det etablert parkeringsplass med turveg opp til Bondhusvatnet. Dette inneber eit stort tal fotturistar som og nyttar området og forureiningspresset mot drikkevasskjelda er potensielt stort.

Nasjonale mål i Regjeringa sin Protokoll for vann og helse, vedteke 22.mai 2014, seier i avsnitt (c) side 11:

*Områder med behov for økt tilknytning til felles vannforsyning eller hvor drikkevannsforsyningen kan forbedres på annen måte, ved at:*

*«Eksisterende private vannforsyningssystemer med uklare eierforhold og/eller utilfredsstillende vannkvalitet og leveringssikkerhet skal oppgraderes eller knyttes til eksisterende vannforsyningssystemer slik at man oppnår hygienisk tilfredsstillende, hensiktsmessige og kostnads- og driftseffektive enheter».*

Drikkvannsforskriften(DVF) sin rettleiar seier i samband med tolkinga av §9 at «Kommunen har et selvstendig ansvar for å sikre befolkningen trygt drikkevann» og dette har de sjølv formulert i Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013-2024 på denne måten:

### **Vassforsyning**

*Hovudfokus innan vassforsyninga i Kvinnherad kommune dei neste åra vil vere å ferdigstille utbygginga av godkjente vassbehandlingsanlegg, sikre nok leveringskapasitet, og gjere nødvendige tiltak for sikker distribusjon av nok vatn til abonnentane. Vidare vil det bli lagt vekt på beredskapsmessige tiltak, mellom anna med å ha reserve- og krisevasskjelder. Det skal og leggjast til rette for kommunal overtaking av dei private vassverka som ønskjer det, sidan det er eit samfunnsansvar å sikre ei trygg vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen.*

### **Dekningsgrad**

*Vasskjeldene skal ha kapasitet til forsyning av eksisterande og planlagde utbyggingsområde. Dette skal tilpassast kommuneplanen.*

*Kommunen ønskjer å ta ansvar for ei trygg vassforsyning, og er derfor i prinsippet så langt det er praktisk mogleg viljuge til å overta private, godkjenningspliktige vassverk dersom dei private vassverka ønskjer det eller dersom dei ikkje klarar å levere godkjent vatn. Dette er ut frå behovet for standardisert driftsovervaking, utbygging og drift.*

Brannvernloven stiller krav til sløkkevatn, ei etablering av kommunalt eigde vassverk i dei forskjellige bygdene vil vera med og sikra brannberedskapen.

Me vil difor rå til at desse delane av planen vert vidareført til planperioden 2020-2028.

Mvh  
Mattilsynet avdeling Sunnhordland og Haugalandet KS Stord  
Rundehaugen 17  
5412 Stord

Astrid Dale



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Silje Tingstad, 5557 2031

## Uttale til oppstartsmelding for kommunedelplan vassforsyning og avløp

Vi viser til førespurnad om uttale datert 5. november 2019.

Kommunedelplan for drikkevassforsyning og avløp skal rullerast. Føremålet med planen for avløpsområdet er at transport og reinsing av avløpsvatn skal vere i samsvar med norsk regelverk og NS-standard. Det vert fokus på å avslutte sanering av eksisterande ureinsa kommunale utslepp med bygging av godkjente reinseanlegg.

Det går fram av oppstartsmeldinga at planen skal byggjast på same lest som planen som vart vedteken i 2013. I den planen går omgrep som *reinsedistrikt*, *enkel reinsing* og *passande reinsing* att. Dette er omgrep som ikkje er nytta i gjeldande regelverk for avløp som er relevant for kommunen, altså kapittel 12 og 13 i forureiningsforskrifta. Kommunen bør unngå å bruke utdaterte omgrep i den nye planen.

Vi har elles ingen spesielle merknadar til oppstartsmeldinga, men ber om å få framlegget til planen til uttale når den er klar.

Med helsing

Britt Solheim  
senioringeniør

Silje Tingstad  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kvinnherad kommune  
Att: Hildegunn Furdal  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

## Kvinnherad kommune Hordaland - Oppstart av planarbeid og høyring av planprogram kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 - 2027

Syner til brev av 05.11.2019 om ovanfor nemnte sak.

### Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og tilsyn med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### Vår vurdering

Fiskeridirektoratet region Vest stiller seg positiv til planprogrammet. Det kjem tydeleg fram kva som er føremålet med revisjon av arealplanen, korleis planprosessen skal gjennomførast og opplegg for medverknad.

Fiskeri- og akvakulturnæringa er avhengig av reine vannmassar. Forureining påverkar også ressursområde som gytefelt og oppvekst og beiteområde, og område med marine artar/artssamfunn negativt. Derfor tykkjer Fiskeridirektoratet region Vest at det er positivt at kommunen har fokus på å avslutte saneringa av eksisterande ureinsa kommunale utslepp med bygging av godkjente reinseanlegg. Vi tykkjer også at det positivt at transport og reinsing av avløpsvatn skal skje på ein slik måte at forureiningane ikkje skadar naturen sin evne til produksjon og sjølvforying.

Det må takast omsyn til gyteområde, oppvekst- og beiteområde og andre viktige område for marint biologisk mangfald, viktige fiskeområde og akvakultur i arbeidet med planen. Det er viktig å tenke på kor ein får utslepp av avløpsvatn slik at akvakultur og viktige område for fiskeri og marint biologisk mangfald ikkje vert forureina. Vidare må kommunen vurdere kor ein skal legge ut røyrleidningar slik at dei ikkje kjem i konflikt med fiske eller øydelegg fortøyingar frå akvakulturanlegg. Til dømes kan ein under

tråling etter reke sette fast reiskapen i røyr/boltar på havbotnen, og under lysfiske ankrar ein opp båtar som ligg og driv slik at ankeret blir slept langs botnen. Røyr må heller ikkje bli hengande oppe i vannsjiktet.

Vi ser fram til å få planen på høyring.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*





**Mottakarliste:**

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
--------------------	-------------------	------	----------

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND





**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 16.12.2019  
Vår ref: 19/03635-2  
Deres ref: 2019/334-6

## Uttale til oppstart av planarbeid og høring av planprogram for Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 - 2027 i Kvinnherad kommune.

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 5. november 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilarbeiding av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.

### Om planen

Føremålet til planen er å sikra at alle i Kvinnherad kommune til ei kvar tid har tilgang til nok vatn med godkjent drikkevasskvalitet. Planprogrammet skal mellom anna skildre planprosessen med rammer, føringar og tidsfristar.



### Uttale til saka

Kvinnherad kommune har i følgje Norges Geologiske Undersøking (NGU)<sup>1</sup> mange registrerte førekomstar av byggeråstoff (sand, grus og pukk) og andre mineralressursar (malmar, industrimineral og naturstein). DMF si digitale kartløyising<sup>2</sup> visar at kommunen har to masseuttak i drift (Vaage og Dimmelsvik) og eit avvikla uttak på Mauranger. Kartløyisinga viser òg fleire område kor ein må vere aktsam med tanke på opningar og tunellar frå gamal gruvedrift.

Planprogrammet bør sikre at det i planarbeidet leggast til grunn ein oversikt over mineralressursane i kommunen slik at ikkje nye vann- og avløpsleidningar leggast over ressursar utan å ta stilling til om ressursen skal vinnast ut eller sikrast for framtida. Det er òg viktig å vere oppmerksam på nemnde aktsemdsområde.

DMF minn om at mineralressursar er et eget utredningstema jf. Forskrift om konsekvensutredninger (2017), § 21.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyising, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Mottakarar:

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Kopi til:

---

<sup>1</sup> Grus,- Pukk- og Steintippdatabasen:

[http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Oppslag.Alle\\_fkom\\_komm?p\\_kommunenr=1224](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=1224)

Malme-, Industrimineral- og Natursteindatabasen:

[http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres\\_Mi\\_list\\_fkom.Alle\\_fkom?p\\_kommunenr=1224R&p\\_sprak=N](http://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom.Alle_fkom?p_kommunenr=1224R&p_sprak=N)

<sup>2</sup> DMF kart: <https://minit.dirmin.no/kart/#>

**Arnavik Vassverk**  
v/Ragnar Arnevik  
Strondavegen 573  
5458 Arnavik

Arnavik 17.12.2019

**Kvinnherad kommune, Seksjon kultur, næring og utvikling**  
**Rosendalsvegen 10**  
**5470 Rosendal**

**Uttale i samband med Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 - 2027**

I samband med arbeidet med ovannevnte plan, vil me med dette melda inn til Kvinnherad kommune at Arnavik Vassverk ynskjer i framtida å halda fram med, og vidareføra vassleveringa til vassverket sine nåverande abonnentar i Arnavik. Arnavik vassverk leverer pr i dag vatn til 7 fastbuande husstandar (heilårsbustader) og 17 ferie-/fritidsbustader i Arnavik.

Venleg helsing

Arnavik Vassverk

Ragnar Arnevik (formann Arnavik Vassverk)

---

(sign.)

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 12.12.19

Vår ref. 1295/19/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref. 2019/334-6

Kvinnherad kommune

E-mail

## **KVINNHERAD – KOMMUNEDELPLAN FOR VASSFORSYNING OG AVLØP 2020-2027**

Viser til brev av 05.11.19, med vedlegg, om ovannemnde sak.

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Det er positivt at når det gjeld avløpsområdet vel kommunen å fokusere på «å avslutta saneringa av eksisterande ureinsa kommunale utslepp med bygging av godkjente reinseanlegg».

Under punkt «3.1 Oppbygging» står òg «Innsamling av kunnskap om vassmiljø (ferskvatn og sjø) knytt opp mot utslepp av avløpsvatn». I den samanheng vil ein vise til Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy (<https://kart.fiskeridir.no/fiskeri>). Ved å velje mellom anna temalag «kystnære fiskeridata» finn ein informasjon om registrerte fiskeriinteresser. Her vil ein peike på at ein må unngå utslepp i spesielt gyteområde og låssettingsplassar då desse er naturgjevne.

Utslepp i sjø må ikkje ha negativ innverknad på det marine liv. Utløpet bør leggjast i område med gode straumtilhøve. I tillegg må ikkje utlegging av leidningar og kablar i sjø føre til ankringsforbod og fiskeforbod. Det vil mellom anna seie at leidningane må festast slik at fiskereiskap ikkje heftar.



Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje forureining då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo  
Britt Sæle Instebo

Eirin K. Espeland  
Eirin Kongestøl Espeland

Kopi; Kvinnherad og Hardanger Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Fylkesmannen i Vestland